



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
10.10.2017	123014/2017	Jan Eirik Søråas

Saksnr	Utval	Møtedato
	Samferdselsutvalet Fylkesrådmannens tilråding Fylkesutvalet	25.10.2017

Høyring - endring i prisopplysningsforskrifta, maksimalprisforskrifta og yrkestransportforskrifta

Bakgrunn

Samferdselsdepartementet (SD) foreslår i brev datert 12. juli 2017 einsskilde endringar i forskrift primært knytt til drosjereguleringa. Dette gjeld endring i prisopplysningsforskrifta, maksimalprisforskrifta og yrkestransportforskrifta. Høyringsnotat er vedlagt nemnde brev.

SD har valt å dele opp høyring om forslag til endring i reglar om drosjeløyve i ein lovdel – som fylkesutvalet tidlegare i møte 27.02.2017, sak U-11/17 har gjeve tilråding til - og ein forskriftsdel som no er sendt ut til høyring og blir behandla i denne saka.

Vurdering

SD foreslår for det første endringar i forskrift 14. november 2012 nr. 1066 om prisopplysningar for vare og tenester (prisopplysningsforskrifta) og forskrift 30. september 2010 nr. 2307 om takstutrekning og maksimalpriser for løyvepliktig drosjetransport med motorvogn (maksimalprisforskrifta).

SD foreslår for det andre einsskilde endringar i forskrift 26. mars 2003 nr. 401 om yrkestransport innanlands med motorvogn og fartøy (yrkestransportforskrifta).

Forslaget frå SD til endring av prisopplysningsforskrifta gjeld følgjande:

Nytt kapittel 7B skal lyde:

Kapittel 7 B. Særlig om prisopplysning for drosjetjenester

§ 25. d) Pristilbud for drosjetjenester

«Dersom forbrukeren oppgir et tilstrekkelig avgrenset bestemmelsessted for en ønsket drosjetjeneste, skal tilbyderens uoppfordret gi forbrukeren et pristilbud før de inngår en avtale om transport. Pristilbudet skal angi totalprisen for drosjetjenesten.

Tilbyderen skal opplyse forbrukeren om at forbrukeren skal betale den laveste totalprisen av pristilbudet, en fastpris som eventuelt tilbys på strekningen og parallelltaksten med eventuelle tillegg, jf. forskrift 30. september 2010 nr. 1307 om takstberegning og maksimalpriser for løyvepliktig drosjetransport med motorvogn § 3 andre ledd, jf. § 2 andre punktum.»

§ 25. e) Spesifisert kvittering for en drosjetjeneste

«Tilbyderen skal gi forbrukeren en spesifisert kvittering når drosjetjenesten er utført.
Kvitteringen skal inneholde pristilbudet etter § 25 d og utfyllende opplysninger om hvordan parallelltaksten er beregnet, det vil si oppgi de aktuelle takstelementene og tilleggene etter forskrift 30. september 2010 nr. 1307 om takstberegning og maksimalpriser for løyvepliktig drosjetransport med motorvogn.»

SD gjer merksam på at endringar i prisopplysningsforskrifta nødvendiggjer også einskilde endringar i maksimalprisforskrifta.

Gjeldande ordlyd i §§ 2 og 3 i maksimalprisforskrifta:

§ 2. Parallelltakst

«Løyvepliktig drosjetransport med motorvogn omfattet av denne forskriften skal benytte parallelltakst. Med parallelltakst menes prisberegning basert på samtidig anvendelse av tidstakst og avstandstakst under hele turen.»

§ 3. Fastpris

«Det kan istedenfor parallelltakst benyttes en på forhånd bestemt fastpris for en gitt strekning.

Dersom det tilbys fastpris for den aktuelle strekningen, skal kunden opplyses om dette.

For drosjetransport som er maksimalprisregulert etter forskriften kapittel 2, skal kunden betale det som gir den laveste totale prisen for turen av fastpris og parallelltakst med eventuelle tillegg.»

Forslaget til endring av maksimalprisforskrifta gjeld følgjande:

Forslag til endring av § 3 lyder:

§ 3. Pristilbud og fastpriser

«I stedet for parallelltakst kan prisen for drosjetransporten fastsettes av drosjetilbyder i et pristilbud etter forskrift 14. november 2012 nr. 1066 om prisopplysninger for varer og tjenester, eller ved en på forhånd bestemt fastpris for en gitt strekning.

Kunden skal betale det som gir den laveste totalprisen for turen av et eventuelt pristilbud, en fastpris som eventuelt tilbys på strekningen og parallelltaksten med eventuelle tillegg.»

SD meiner at strengare krav til prisopplysning kan bidra til auka konkurranse på spotmarknaden, dersom brukarane av drosjetenester har ei meir aktiv haldning til prisundersøking før dei vel drosje. Forslaget vil også kunne gjere det lettare for brukarane av drosjetenester å hente inn pristilbod frå bestillingsmarknaden for deretter å kunne samanlikne desse med dei pristilbod som er tilgjengeleg i spotmarknaden.

Fylkesrådmannen har ingen spesielle merknader til forslag til endring i prisopplysningsforskrifta og maksimalprisforskrifta enn at det er viktig at opplysningar om rett pris, kvalitet og innhald på drosjetenester er lett tilgjengeleg for brukarane.

Forslaget frå SD til endring av yrkestransportforskrifta gjeld følgjande:

Ny § 23 a skal lyde:

§ 23. a) «Overtredelsesgebyr knyttet til tildeling av tjenestekonsesjonskontrakter Yrkestransportloven § 40 b gjelder ikke for transport med fartøy.»

Forslaget inneber ei avgrensing av virkeområdet til yrkestransportlova § 40 b) om lovbrotsgebyr knytt til tildeling av tenestekonsesjonskontraktar.

Gjeldande ordlyd i § 40 i yrkestransportlova:

§ 40 b. Lovbrotsgebyr knytt til tildeling av tenestekonsesjonskontraktar

(1) Departementet kan påleggje oppdragsgjevar eit lovbrotsgebyr dersom oppdragsgjevaren bryt reglar som skal sikre openheit og ikkje-diskriminering i prosessen med å tildele konsesjonskontraktar for transporttenester etter lova her. Lovbrotsgebyret kan verte pålagt dersom eitt av følgjande vilkår er oppfylt:

a) brotet er konstatert ved rettskraftig dom i ein norsk domstol,

b) brotet er konstatert ved dom i EFTA-domstolen, eller

c) norske styresmakter har innrømt brotet etter at saka er handsama i EFTAs overvakingsorgan. Dersom oppdragsgjevaren ikkje har hatt høve til å uttale seg i saka før innrømminga fann stad, og det er grunn til å rekne med at dette har hatt verknad på innrømminga, kan innrømminga ikkje gje grunnlag for lovbrotsgebyr.

(2) Lovbrotsgebyret skal ikkje overstige 15 % av kontraktsverdien.

(3) Ved utmåling av gebyret skal det særleg leggjast vekt på kontraktsverdien, kor grovt brotet er, om oppdragsgjevaren har gjort gjentekne brot, den preventive verknaden av lovbrotsgebyret, kor langt tilbake i tid brotet har skjedd, og om brotet har ført til skadebot, terminering eller avkorting av kontrakten.

(4) Fristen for å betale lovbrotsgebyret er åtte veker frå vedtaket vart gjort.

(5) Avgjerd om å påleggje lovbrotsgebyr etter denne føresegna skal følgje reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova så langt dei høver. Dersom ei avgjerd om lovbrotsgebyr vert bringa inn for ein domstol, kan domstolen prøve alle sidene av saka. Retten kan gje dom for realitet.

(6) Lovbrotsgebyr kan ikkje påleggjast seinare enn tre år etter at kontrakten vart inngått. Fristen vert avbroten ved at det vert teke ut søksmål ved norsk domstol eller ved EFTA-domstolen for å få dom i saka, eller ved at EFTAs overvakingsorgan tek opp saka skriftleg med norske styresmakter.

(7) I tilfelle der departementet sjølv eller eit anna statleg organ som er underlagt departementet gjer brot som nemnt i første ledd, kan departementet delegere kompetansen til å påleggje lovbrotsgebyret til Klagenemnda for offentlige anskaffelser. Avgjerd frå Klagenemnda for offentlige anskaffelser om å påleggje lovbrotsgebyr kan ikkje påklagast.

(8) Departementet kan gje forskrift om fastsetjing av lovbrotsgebyret, medrekna utmåling av gebyret, renter og tilleggsgebyr og avgrensing av kva tenestekonsesjonskontraktar som fell inn under føresegna her.

Fylkesrådmannen har ingen spesielle merknader til desse endringane.

Gjeldande ordlyd i §§§ 43, 44 og 45 i yrkestransportforskrifta:

§ 43. Tildeling av løyve, fortrinnsrett

«Dersom ikke særlige grunner taler mot at vedkommende gis løyve, har søker med minst to års ansiennitet som full tids drosjefører i løyvedistriktet fortrinnsrett til løyve som blir ledig ved at en løyvehaver dør eller opphører med virksomheten.

Ansiennitet som full tids drosjefører regnes kun hvis drosjeyrket er utøvd som vedkommendes hovederhverv.

Er det flere søkere som oppfyller dette krav, gis den søker som har lengst ansiennitet fortrinn. Fortrinnsretten gjelder bare for tildeling av ett løyve.

Ved fravær fra yrket som full tids drosjefører i løyvedistriktet over tre år, bortfaller tidligere opparbeidet ansiennitet. Avbrudd i drosjeyrket på grunn av sykdom legitimert ved sykemelding, svangerskap eller militærtjeneste regnes ikke som fravær. Ansiennitet opparbeides også ved avbrudd som nevnt, likevel ikke utover ett år. Treårsfristen regnes fra utløp av sykemeldingsperioden, utløp av lovfestet svangerskapspermisjon med lønn eller avsluttet militærtjeneste.

Løyvehaver som søker ledig løyve annet sted innen løyvedistriktet, vil få medregnet ansiennitet for den tid vedkommende har innehatt drosjeløyve i løyvedistriktet i tillegg til eventuell ansiennitet som full tids drosjefører i distriktet.

Ved eventuell endring i distriktsinndelingen beholdes den ansiennitet som er opparbeidet i det tidligere løyvedistrikt.»

§ 44. Tildeling av løyve, uten fortrinnsrett

«Er det ikke noen søker som har fortrinnsrett etter § 43 avgjør fylkeskommunen etter eget skjønn hvem som skal tildeles løyve. Herunder kan det gis løyve til innehaver av drosjeløyve og til selskap eller annen juridisk person.»

§ 45. Hovederverv

«Den som innehar drosjeløyve, skal som hovedregel ikke ha annet hovederverv eller heldagsstilling. Når særlige grunner taler for det, kan løyvemyndigheten etter søknad gi samtykke til at drosjeyrket kombineres med annet hovederverv eller heldagsstilling.»

Forslaget frå SD til endringar av yrkestransportforskrifta gjeld følgjande:

§43, andre ledd, bli oppheva.

§ 43, fjerde ledd, skal lyde:

«Dersom en full tids drosjefører i løyvedistriktet har fravær fra yrket i over tre år, bortfaller tidligere opparbeidet ansiennitet. Det regnes ikke som fravær fra yrket når drosjeføreren er i tjeneste som vernepliktig etter forsvarsloven § 17, har foreldrepermisjon etter arbeidsmiljøloven § 12-5 eller er arbeidsufør med rett til sykepenger etter folketrygdloven kapittel 8. Den som har avbrudd i yrket som nevnt i andre punktum, opparbeider ansiennitet, men ikke for mer enn ett år.»

§ 45 blir oppheva.

Bakgrunn for forslag til endringar i yrkestransportforskrifta er at SD meiner at det er viktig å sikre eit godt landsdekkjande drosjetilbod, men er samstundes oppteken av å leggje til rette for å gjere drosjenæringa meir effektiv og å redusere barrierar for etablering for å drive drosjetransport. SD meiner at kravet om at drosjeyrket skal vere hovudyrke og at kravet om at ansiennitet som drosjesjåfør berre blir rekna om drosjeyrket er utøvd som vedkomande sitt hovudyrke, legg avgrensing på tilgang til å drive anna verksemd ved sidan av drosjeyrket. SD meiner dette kan utgjere ei barriere for etablering for dei som ønskjer å drive med drosjeverksemd.

Ved ikkje å ha krav til at drosjedrifta skal vere heildagsyrke vil dette gjere det vanskeleg å ha ei rasjonell drift av drosjesentralar og som igjen kan medføre oppløysing av eksisterande drosjesentralar. Dette kan medføre eit dårlegare tilbod til publikum utafør dei store byane.

Det er likevel i dagens regelverk ein viss fleksibilitet ved at det ikkje er forbod mot at løyvehavar t.d. kan ha halvdagsstilling ved sidan av drosjeyrket.

I Møre og Romsdal har vi i einskilde tilfelle godkjent at drosjeyrket kan kombinerast med anna hovudyrke, der køyregrunnlaget for drosjedrifta er låg. Å dispensere frå kravet om å ha drosjeyrket som hovudyrke er det i dag gjeve høve til etter §45 i forskrifta.

Behovsprøving av drosjeløyve er vurdert opp mot at drosjedrifta skal utøvast som hovudyrke og at innkome frå drosjedrifta skal gje eit levegrunnlag for løyvehavaren. Fylkesrådmannen opplever at dette er ei god ordning som tek omsyn til ei rasjonell drosjedrift med eit tilbod også utafor tettbygde strøk.

Fylkesrådmannen meiner at dagens ordning til krav om at drosjeyrket skal utøvast som hovudyrke må oppretthaldast med den fleksibiliteten som allereie er i dagens regelverk.

SD foreslå einsskilde språklege endringar i yrkestransportforskrifta § 43, fjerde ledd, om bortfall og utrekning av ansiennitet ved fråver for drosjeførar.

Fylkesrådmannen støttar forslaget til endringar i § 43, fjerde ledd, i yrkestransportforskrifta.

Fylkeskommunen har hatt som mål å samordne drosjetenesta i kvart løyvedistrikt i i fylket gjennom oppretting av drosjesentralar eller vaksamarbeidsordningar, der løyvehavarar har tilslutningsplikt. Ved oppheving av kravet om å ha drosjeyrket som hovudyrke er faren for at denne ordninga vil kunne bli oppløyst. Gjennom ei slik ordning er innbyggjarane sikra eit kontinuerleg drosjetilbod døgeret rundt heile året. Etter § 1f) i yrkestransportforskrifta er det driveplikt for drosjeløyve 24 timar i døgeret, anten gjennom vaktordning for drosje tilknytt drosjesentral eller anna samarbeid eller som bustadsløyvehavar med 24-timars vaktteneste.

Fylkesutvalet har i møte 27.02.2017, sak U-11/17 gått inn for at behovsprøvinga og tilslutningsplikta må oppretthaldast og at drosjesentralane bør gjevast større styringsrett.

Ved tildeling av drosjeløyve skal i første rekke dei generelle vilkåra etter § 4 i yrkestransportforskrifta oppfyllest, dvs. kravet til a) god vandel, b) tilfredsstillande økonomi evne og b) tilstrekkeleg fagleg kompetanse. Deretter blir løyvet tildelt anten etter § 43 (ansiennitetsregelen) eller etter § 44 (skjøn).

Fylkesrådmannen ser ingen problem med å opprettholde kravet til at drosjeyrket skal utøvast som hovudyrke. Fylkeskommunen står i dag fritt til å kunne godkjenne at drosjeløyvehavar kan kombinere drosjeyrket med anna hovudyrke.

Forslag til tilråding:

1. Fylkesutvalet støttar Samferdselsdepartementet sitt forslag til nytt kap. 7B og ny § 23 d) og e) i prisopplysningsforskrifta.
2. Fylkesutvalet støttar Samferdselsdepartementet sitt forslag til endring av §3 i maksimalprisforskrifta.
3. Fylkesutvalet støttar Samferdselsdepartementet sitt forslag til ny § 23 a) i yrkestransportforskrifta.
4. Fylkesutvalet støttar ikkje Samferdselsdepartementet sitt forslag til oppheving av § 43, andre ledd, i yrkestransportforskrifta.
5. Fylkesutvalet støttar Samferdselsdepartementet sitt forslag til endring av § 43, fjerde ledd, i yrkestransportforskrifta.
6. Fylkesutvalet støttar ikkje Samferdselsdepartementet sitt forslag om oppheving av § 45 i yrkestransportforskrifta.

fylkesrådmann

Arild Fuglseth
samferdselssjef

Vedlegg

- 1 Oversendingsbrev frå Samferdselsdepartementet
- 2 Høyringsdokument

Behandling i Fylkesutvalet - 30.10.2017

Det vart votert punktvis:

Pkt. 1 Tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteke.

Pkt. 2 Tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteke.

Pkt. 3 Tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteke.

Pkt. 4 Tilrådinga frå fylkesrådmannen fekk 9 røyster og vart vedteke, medan 4 røysta imot (2H og 2FRP).

Pkt. 5 Tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteke.

Pkt. 6 Tilrådinga frå fylkesrådmannen fekk 9 røyster og vart vedteke, medan 4 røysta imot (2H og 2FRP).

Vedtak i Fylkesutvalet - 30.10.2017

1. Fylkesutvalet støttar Samferdselsdepartementet sitt forslag til nytt kap. 7B og ny § 23 d) og e) i prisopplysningsforskrifta.
2. Fylkesutvalet støttar Samferdselsdepartementet sitt forslag til endring av §3 i maksimalprisforskrifta.
3. Fylkesutvalet støttar Samferdselsdepartementet sitt forslag til ny § 23 a) i yrkestransportforskrifta.
4. Fylkesutvalet støttar ikkje Samferdselsdepartementet sitt forslag til oppheving av § 43, andre ledd, i yrkestransportforskrifta.
5. Fylkesutvalet støttar Samferdselsdepartementet sitt forslag til endring av § 43, fjerde ledd, i yrkestransportforskrifta.
6. Fylkesutvalet støttar ikkje Samferdselsdepartementet sitt forslag om oppheving av § 45 i yrkestransportforskrifta.